

---

**Fra:** Dag Unnar Mongstad <dagum@online.no>  
**Sendt:** 23. oktober 2017 17:37  
**Til:** post@arkoconsult.no  
**Kopi:** Postmottak Lindås; Lilliann V. M. Lilliann V. M."  
**Emne:** KOMMENTARAR ENDRINGSSØKNAD GNR123 BNR 102

**Kommentarar til mottatt nabovarsel gnr 123 bnr 102.**

Har mottatt nabovarsel om endring av gitt tillatelse. Eit nabovarsel skal gje mottakar mulighet for å skjønna kva saka dreier seg om. Vedlagt dokumentasjon gav ikkje det, ingen henvisning til kva som var godkjent slik at me kunne sjå endringa. Etter henvending til utbyggar fekk me opplyst at søknaden omhandla å heva bygget med 80 cm.

I reguleringsføresegnene står det blant anna:

*Der terrengforhold tilseier det, kan det oppførast bygningar i 1 høgde + underetasje.*

Me kan ikkje skjønna anna enn at det då vert henvist til opphavelig terrenghøgde og ikkje den høgda utbyggar vel å forma terrenget til. I e-post til meg på førespørsel skriv utbyggar til meg:

*Det er ynskjeleg å heve planeringsnivået til bygget med 80 cm ettersom avkjørsla/nedkjørsla til bygget vært bratt.*

Slik eg les teikningane frå søknaden som tillatelse er gitt etter ser me ikkje at denne avkjørsla/nedkjørsla vert spesielt bratt. Me vil frårå at denne endringa vert godkjent av kommunen. Opphavelig høgde på bygget er akseptabelt for oss som naboar, men ein auke på 80 cm vil og føra til forringing av vår utsikt utan at me ser gode argument for denne hevinga.

Me har derfor sterke innvendingar mot denne hevinga, og vonar deT vert tatt til følgje.

Eigarar av gnr 123, bnr 71

Lilliann Vabø Mongstad og Dag Unnar Mongstad